

The background of the image is a wide-angle photograph of a rugged mountainous landscape. A deep, winding river or fjord cuts through the center. In the upper left, a paraglider is visible against a bright, cloudy sky.

# ÅRSRAPPORT 2023



IKA  
HORDALAND



# Dagleg leiar sin årsberetning

**Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS** vart stifta i 1987. Selskapet er i dag eigd av 24 kommunar frå tidlegare Hordaland fylke. Vi er samlokalisert med Bergen Byarkiv i Hansaparken i Bergen.

Hansaparken på Kalfaret i Bergen huser eit av Norges største kommunale arkivfaglege miljø. Her vert det formidla og forvalta arkiv rettar og kulturarv for over ½ million innbyggjarar i Vestland fylke.

Vårt samfunnsoppdrag er å gje innbyggjarane i eigarkommunane ein likeverdig og berekraftig tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og felles kulturarv. Vår visjon handlar om å opne dørene til historia og det gjer vi gjennom å vere rause og ryddige.

I over 35 år har vi arbeidd for at over 180 år med kommunal historie skal vere tilgjengeleg for forvaltning, publikum og forskrarar. Vi yter forvaltningsstøtte til eigarkommunane og bidreg til at offentleg dokumentasjon, data og arkiv vert teke vare på og gjort tilgjengeleg i samtid og for ettertida, både for forvaltninga og for publikum.

Samordning av arkiva og tilgang til kulturarven og rettane dei kommunale arkiva representerer er ei viktig oppgåve for oss. Det er eit mål for oss at vi lyftar eigarkommunane si arkivforvaltning i flokk slik at vi unngår eit demokratisk klassekilje i dei offentlege arkiva og innbyggjarane sitt rettsvern.

Gjennom dei siste åra, og særskild under pandemien, lærte vi at digitalisering og samordning spelar ei viktig rolle. Vi såg òg at nasjonale fellesløysingar som Digitalarkivet i framtida vil representere eit viktig nav i arbeidet med å bevare og formidle data, arkiv og dokumentasjon tilbake til brukarane.

I 2023 var vi igjen blant dei kommunale arkivinstusjonane i Noreg som hadde gjort tilgjengeleg flest kjelder på arkivportalen og Digitalarkivet. Stadig forbetring, eller LEAN som nokon kallar det, har ført til at talet på visningar i dei arkiva vi tilbyr digitalt auka frå 177 846 i 2022 til 4,29 millionar i 2023. Dette fortel oss noko om farten i det digitale skiftet og kor fort forskjellar aukar om ein ikkje tek i bruk dei verktøya dei nasjonale fellesløysingane representerer.

I årsrapporten finn du informasjon om korleis våre tilsette arbeider i fellesskap for å levere gode arkivtenester, korleis vi samarbeider med andre og kva vi gjer for å forbete og utvikle løysingar som tener eigarkommunar og deira innbyggjarar.

Eg er stolt over arbeidet vi har levert og vil hermed rette ei takk til dyktige medarbeidarar, gode kollegaer, eigarane våre og mange og viktige samarbeidspartar for innsatsen i 2023.

Helsing,

Rune Lothe  
Dagleg leiar

# Innhaldsliste

---

|   |       |
|---|-------|
| Strategien 2020-2023                            | 5-6   |
| Organisasjon og personale                       | 7-8   |
| Økonomi og byggprosjekt                         | 9-12  |
| Basistenestene                                  | 13-22 |
| Depottenestene                                  | 23-35 |
| Oppdragstenestene                               | 36-37 |
| <br>  |       |
| <i>Tabell 1. Organisasjon og personale</i>      | 7     |
| <i>Tabell 2. Økonomi</i>                        | 9     |
| <i>Tabell 3. Basistenesta</i>                   | 13    |
| <i>Tabell 4. Arkivbestand</i>                   | 24    |
| <i>Tabell 5. Katalog</i>                        | 24    |
| <i>Tabell 6. Innsyn</i>                         | 27    |
| <i>Tabell 7. Digitisering av kulturarva</i>     | 28    |
| <i>Tabell 8. Digitalt depot</i>                 | 32    |
| <i>Tabell 9. Ordningsarbeid og ordningsgrad</i> | 36    |

---

## Strategien 2020-2023

Vi har laga eit framtidsbilde der sakshandsamarar, innbyggjarar og forskrarar skal ha digital tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og eigen historie.

Vårt syn er at om vi bidreg til at arkivforvaltninga i kommunane er i samsvar med lov og forskrift vil vi òg bidra til ein betre ressursbruk og auke verdiskapinga i kommunane. Måla for kvar arkivhaldet skal vere ved utgangen av 2023 er formulert etter kommunane sine behov og pålegg etter lova.



## Innsatsområde

I vårt framtidsbilde spelar nasjonale samarbeidsløysingar som Digitalarkivet, samarbeid med frivillige, arkivleverandørar og Universitet i Bergen viktige roller.

Gjennom strategiperioden har vi samarbeida med Arkivverket og delteke på alle arkivtilsyn som våre eigarkommunar har fått dei siste 3 åra. På den måten har vi kunna forbetre ved å hjelpe kommunen å lukke pålegg frå tilsyn.

Vi har følgt opp det regionale nivået og Fylkestinget sitt vedtak frå 15. desember 2020 om regionalt samarbeid. Vi hadde i 2023 samarbeid med Bergen kommune, Byarkivet, Universitetet i Bergen, IKT-Nordhordland, DigiNordhordland, DigiVestland, Industriarkivet i Odda og Arkivverket v/ Statsarkivet på Årstad i Bergen.

Det er òg jobba med berekraft gjennom sertifiseringa som Miljøfyrtårnbedrift som òg inngår som ein del av samarbeidet med Bergen Byarkiv.

## Handlingsplanen 2023-2027

Handlingsplanen og tiltaka tek utgangspunkt i status ved inngangen til strategiperioden 2020-2023. Status ved inngangen til strategiperioden var at:

- Arkiva er mangelfullt sikra og etterslepet av arkiv som skulle vore deponert er stort.
- Arkiva er ikkje digitalt søkbare eller digitalt tilgjengelege.

Tiltaka for å bøte på denne situasjonen kan kort oppsummerast som «Arkiva i hus og Arkiva i bruk».

Arkiva i hus omhandlar fleire aktivitetar for å fange, sikre og klargjere arkiv til formidling. Arkiva i bruk handlar om aktivitetar som skal formidle arkiva til sakshandsamarar, brukarar og forskarar og sikre at arkiv som vert danna har høg kvalitet.

### Måloppnåing

- Alle eigarkommunane har framdrifts- og finansieringsplanar for å sikre arkiv frå 1837-1992 og få desse deponert i tråd med lov og forskrift.
- Alle eigarkommunane våre har gjennom Digitalarkivet si løysing for digitalt sikringsmagasin etablert ei fungerande løysing for langtidslagring av digitale arkiv.
- Eigarkommunane skal ha framdrifts- og finansieringsplanar for å ta att etterslepet av avslutta system, få teke uttrekk og få desse sikra i tråd med lov og forskrift.
- Eigarkommunane har signert tenesteavtalar for spesialrom for papirarkiv. Avtalane dekker behovet for arkiva frå 1837-1992 og til 2020 for nedlagde kommunar, slik forskrifta krev.
- Som ein del av depoavtalane fekk eigarkommunane i 2023 på plass mål, framdrift og finansieringsplan for digitalisering av kulturarven. Planen skal sikre at ein når Stortinget sitt fastsette mål om at 10 % av dei kommunale arkiva skal vere digitaliserte innan 2029.
- Vi har dei siste åra helde jamlege arkivplan/internkontroll-Workshops. Målet er at alle eigarkommunane skal ha revidert dokumentasjonsstrategien sin og etablert internkontroll ved utgangen av desember 2023.

## Organisasjon og personale

Talet på sysselsette i verksemda gjekk ned i 2023. Dette skuldast at vi hadde færre sommarvikarar enn dei to føregåande åra. Under Covid 19 - pandemien vart vi oppmoda om å tilby sommarjobb til unge og studentar då jobbmarknaden for denne gruppa var særskilt krevjande<sup>1</sup>.

Hjå oss arbeider det om lag halvt om halvt med kvinner og menn i alderen 20-49 år. I 2023 utførte faste tilsette 8,8 årsverk. Det er ein auke på 1,9 årsverk frå fjoråret. Midlertidig tilsette og innleigde utførde 4,4 årsverk. Bruk av midlertidig tilsette og innleige skuldast permisjonar og behov for ekstra arbeidskraft i samband med førebuing til byggeprosjektet i Hansaparken. Frå og med mai 2023 vart dei som var innleigde tilsett i selskapet.

*Tabell 1. Organisasjon og personale*

| NØKKELTAL                                 |  | 2021                 | 2022    | 2023                 | ENDRING |
|---|--|----------------------|---------|----------------------|---------|
| Sysselsatte og innleigde i løpet av året. |  | 31                   | 30      | 17                   | -13     |
| Kvinner                                   |  | 15                   | 15      | 8                    | -7      |
| Menn                                      |  | 16                   | 15      | 9                    | -6      |
| Antall årsverk faste                      |  | 8,3                  | 6,9     | 8,8                  | +1,9    |
| Årsverk midlertidige og engasjement       |  | 6,6                  | 8,2     | 4,4                  | -3,8    |
| Samla årsverk                             |  | 14,9                 | 15,1    | 13,2                 | -1,9    |
| Lønnsutgifter pr. årsverk <sup>2</sup>    |  | 637 334 <sup>3</sup> | 805 093 | 730 772 <sup>4</sup> | na      |
| Lønnsandel av driftsutgifter              |  | 39 %                 | 42 %    | 45%                  | +3 %    |
| Sjukefravær                               |  | 2,9 %                | 5,3 %   | 2,85%                | -2,45 % |

## Helse miljø og tryggleik

Vi får bedriftshelsetenester gjennom Volvat. Dei har dei siste åra bidrege med råd og rettleiing i samband med arbeidsmiljø. Arbeidsmiljøet handlar om korleis ein organiserer arbeidet. Her er både verneombod og tillitsvalt sentrale samarbeidspartar. Det å stå i ein flytteprosess og ei omstilling samstundes er krevjande. Eit fungerande partssamarbeid er difor viktig.

Arbeidsmiljøkartlegginga og vernerunden for 2023 vart utført i samråd med verneombodet. I følgje Volvat bedriftshelseteneste er hovudinntrykket positivt. Undersøkinga konkluderer med at vi har eit forsvarleg arbeidsmiljø og at resultata ligg kring referansepunkta til STAMI<sup>5</sup>. Systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid kjem ikkje av seg sjølv og det er viktig å halde fokus på dette også frametter.

1 Nytt tilskudd fra NAV skal gi flere unge en sommerjobb - [nav.no](http://nav.no)

2 Lønn og sosiale kostnader, pensjoner og forsikringer og personellkostnader pr. utførte årsverk.

3 Tilbakeføringer frå KLP resulterte i at lønnsutgiftene pr. årsverk var særslig låge i 2021.

4 Tilbakeføringer frå KLP resulterte i at lønnsutgiftene pr. årsverk vart lågare i 2023.

5 Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)



Bilde: Nokre av våre flinke tilsette i 2023

## Likestillingsarbeid

Offentlege verksemder skal rapportere på likestilling. Hjå oss føl vi opp krava til likestilling i styre og gjennom arbeidet med helse, miljø og tryggleik. Arbeidet er kontinuerleg og handlar om lov- og forskriftskrav, men òg korleis leiing og tilsette opptrer ovanfor kvarandre og utad.

Vi arbeider mellom anna med likestilling gjennom å bevisstgjere dei etiske verdiane våre; raus og ryddig. Raus handlar om korleis vi skal opptre andsynes kvarandre som kollegaer og ryddig gjeld korleis vi skal opptre som arbeidsgjevar og samarbeidspart utad.

Dei siste åra har vi brukt arbeidsmiljøundersøkingar og QPSN<sup>6</sup> og STAMI sine referanseverdiar for å sjå om arbeidet gjev resultat. Målet er at ansatte og samarbeidspartar skal oppleve likestilling og at det ikkje føregår diskriminering eller trakassering i verksemda.

## Utvikling og kompetanseheving

Vi er ei kunnskapsbedrift og kontinuerleg utvikling er noko vi ynskjer å legge til rette for. Difor er det avsett ein eigen kompetansepott til kvar enkelt som det vert forventa at den tilsette bruker til å heve og vedlikehalde sin eigen kompetanse.

Vår kompetanse ligg i skjeringspunktet mellom arkivfag, jus og IT, og kan samanfattast i det vi har valt å kalle kompetansetrekanten. I meldingsåret har tilsette brukta 3% av arbeidstida til å vedlikehalde og heve kompetanse.

Det at verksemda aktivt legg til rette for utvikling av dei tilsette sin kompetanse har stor verdi for eigarane våre. Vi meiner at det òg er med på å gjere oss til ein meir attraktiv arbeidsplass.

6 QPSNordic er eit Nordisk spørjeskjema for psykologiske og sosiale faktorar i arbeid

## Økonomi

Omsetnaden gjekk ned i 2023 i høve til fjaråret. Dette kom både som fylgje av driftsforstyringar i samband med byggeprosjektet og høg pris- og lønnsvekst. Vi har dessutan brukt tid på regionale utgreiingar, utviklingsprosjekt og tilpassingar til ny kommunelov og lov om Interkommunale selskap. Dette trakk ressursar frå tenesteproduksjon og la beslag på over eit årsverk i 2023.

Vi gjorde ei rekke nyskaffingar i 2023. Sikri vart i oktober leverandør av ny sak/arkiv-løysing. Tveit rekneskap AS vart ny leverandør av rekneskaps- og lønnstenester og Vestlandsrevisjon IKS ny revisor.

### Eigartilskotet

I budsjettet for 2023 vart eigartilskotet auka med 3%. Dette gav eit grunnbeløp for eigartilskotet frå den enkelte kommune på 100 167,01 kr og eit kronebeløp på 3,44 pr. innbyggjar.

Årsprisveksten for 2023 enda på 7% og kommunal deflator vart i RNB23 anslått til 5,2%. Dette førte til at eigartilskotet som skal dekke basistenestene ikkje heldt tritt med pris og lønnsvekst i 2023.

### Salsinntekter

Vi fastset prisar ut frå eit sjølvkostprinsipp. Lønns- og prisveksten i 2023 medførte at våre prisar ikkje heldt tritt med kostnadsauken. Det vart òg krevjande å bemanne og planlegge tenesteproduksjonen grunna driftsforstyringane som følgde av at byggeprosjektet vart utsett fleire gonger. Både desse faktorane kan forklare svikta i salsinntekter og underskotet i 2023.

Timepris for 2023 vart auka med 3,2 % til 621,- og hyllemeterleige auka med 2,7% til 530,-

*Tabell 2. Nøkkeltal økonomi*

| NØKKELTAL                  |  | 2021  | 2022  | 2023  | ENDRING |
|----------------------------|--|-------|-------|-------|---------|
| Eigartilskot               |  | 3086  | 3179  | 3274  | +3 %    |
| Salsinntekt                |  | 15142 | 17921 | 14637 | -19,1%  |
| Tilskot, statlege og andre |  | 150   | 100   | 0     | na      |
| Sum inntekter              |  | 18378 | 21200 | 17912 | -15,5%  |
| Lønn og sosiale utgifter   |  | 6245  | 8047  | 9865  | +22,6%  |
| Husleige                   |  | 3622  | 3922  | 4077  | +0,7%   |
| Andre driftsutgifter       |  | 6267  | 7255  | 4138  | -44,5%  |
| Sum                        |  | 16134 | 19224 | 18080 | -6,6%   |
| Resultat                   |  | 2247  | 1976  | -167  | na      |

### Lønn og sosiale kostnadar

Utgiftene til lønn og sosiale utgifter auka med 22,6 %. Dette skuldast at vi hadde fleire midlertidig tilsette i samband med byggeprosjektet og flytteprosessen. Samstundes vart innleigde tilsett hjå oss frå og med mai 2023. Lønnsutgifter gjekk då frå driftsbudsjetten til lønn og sosiale kostnadar.

## Husleige


I løpet av året auka utgiftene til kontor, magasin og forvaltning, drift og vedlikehald med 0,7%. Den svake auka kan forklarast med at vi fekk refundert for mykje betalt husleige for dei siste åra. Vi avslutta og mellombelte lokale knytt til byggeprosjektet. Straumutgifter o.l. vart etterfakturert og avreksna akonto. I 2023 hadde vi over dobbelt så høge straumkostnadane som tidlegare år.

## Andre driftsutgifter

Andre driftsutgifter er i hovudsak kjøp av tenester. Desse gjekk ned då vi utsette ei rekke innkjøp, føretok fleire innsparingar og slutta å med å kjøpe arbeidskraft frå mai 2023.

## Byggeprosjektet 2020-2026

I oktober 2020 varsla Bergen kommune, Byarkivet om at det var sett i gong eit 3-årig program for å sjå på korleis ein kunne redusere leigd areal i Hansaparken. I tråd med arbeidsplasskonseptet skulle cellekontor erstattast med aktivitetsbaserte arbeidsplassar i «nye Bruse»<sup>7</sup>. Styret vart orientert i møte 31.08.2021 og saman med dei tilsette signaliserte vi då at vi såg føre oss å bli verande i Hansaparken og utvikle arkivfagmiljøet og samarbeidet med Bergen kommune vidare.



Bilete frå overordna plan for ombygging og flytting.

I mai 2022 fekk vi melding om at byggeprosjektet var forsinka og at flytting til erstatningslokala vart utsett. Etter fleire utsettingar flytta vi til erstatningslokala 1. september. Seinare same haust fekk vi beskjed om at byggeprosjektet kom til å bli ytterlegare forsinka. Ombygginga kunne tidlegast kome i gong på nyåret. Våren 2023 kom det nye forseinkingar og det vart då klart at bygget skulle kjøpast framfor å leigast. Byggestart vart sett til tidlegast sommaren 2024.

Hausten 2023 var vi førespegla at vi skulle sitje i erstatningslokala til vi skulle flytte tilbake i «nye Bruse». I desember 2023 kom det kontrabeskjed og vi må flytte ut av erstatningslokala seinast i juni 2024. Innflytting i «nye Bruse» kunne då truleg først skje hausten 2026. Fristen for å ta i bruk opsjonen i husleigeavtala vart òg forlenga til juni 2024 og sjølvé avtala forlenga til juni 2024.

7 Nye Bruse er betegninga på kontorbygget i Hansaparken der alle tilsette skulle samlast.

## «Kultur byggjer samfunn» Regional kulturplan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035

I «Kultur byggjer samfunn» Regional kulturplan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 er arkiv teke inn som ein del av det utvida kulturbegrept. Målsetninga er at Vestland skal vere ein leiande region innan arkivfeltet. Planen forpliktar både eigarkommunane og oss som deira forvalningsstøtte og tenesteleverandører innan arkivforvaltning.

- Mål:**
1. Innbyggjarane i Vestland skal sikrast tilgjengeleg dokumentasjon som omfattar dei sjølve og kulturane dei er del av, i tråd med prinsippa i menneskerettane og Grunnlova.
  2. Vestland skal vere leiande på digital bevaring og formidling av arkiv.
  3. Vestland skal vere ein pådrivar for kunnskapsdeling mellom aktørane på feltet.
  4. Vestland skal vere kjenneteikna av tett samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar.

Fig. Målbilde frå Kultur byggjer samfunn 2023-2035

I tillegg til deltaking i nettverk for privatarkiv Vestland 9. februar og 8. november, har vi i 2023 òg delteke i referansegruppa for bevaringsplan for privatarkiv Vestland 15. mars og 6. september. Vi deltok òg på ein arbeidsverkstad om handlingsprogrammet 2023-2026 for regional kulturplan i regi av Vestland fylkeskommune den 22. mai 2023. Handlingsprogrammet vart vedteke 13.06.23.

## Arkivutgreiinga – utgreiing av ei framtidsretta arkivorganisering i Vestland 2019-2023

Den 10. desember 2019 gjorde styret vedtak om å delta i ei moglegheitsstudie for å sjå på samarbeid og organisering av arkivsektoren i Vestland. Den 17. desember 2019, vedtok fylket at Vestland fylkeskommune skulle teikne medlemskap i kommunearkivordninga i Vestland, kommunalt oppgåvafellesskap (KAV). Medlemskap hjå oss, eller såkalla dobbelt medlemskap vart ikkje utgreia<sup>8</sup>.

I desember 2020 gjorde fylkestinget eit nytt vedtak om at arkivinstitusjonane skulle samarbeide. Vi tok då initiativ til samarbeid og inngjekk då samarbeidavtalar med Arkivverket v/Statsarkivet i Bergen, Bergen kommune, Byarkivet, Industriarkivet i Odda og Universitetet i Bergen. Trass i fleire forsøk, lukkast vi ikkje med å få til tilsvarande samarbeid med Vestland fylkeskommune.

I november 2021 vedtok fylkesutvalet at Vestland fylkeskommune skulle engasjere ein ekstern til å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland. Vi deltok i referansegruppa.

Menon Economics leverte sin rapport i november 2022. Styret inviterte til eigarmøte den 31.01.2023 og leverte sitt høyringssvar 11.03.2023.

Korkje Menon Economics sin rapport saksutgreiinga eller fylkestingssaka kunne vise til vesentlige økonomiske eller faglege vinstar for oss eller våre eigarkommunar. Framlegget til fylkestinget om å gjennomføre kombinasjonskonseptet og etablere eit Vestlandsarkiv som ein ny institusjon etter kommunelova § 17, ville i følgje Menon Economics føre med seg store omstillingskostnadar.

<sup>8</sup> Vestland er den einaste fylkeskommunen som har gjort politisk vedtak om berre bidra til det eine av dei to interkommunale arkivsamarbeida i same region. I andre regionar i Noreg der det fanst fleire slike samarbeid då regionreforma starta, vedtok fylkeskommunen å delta i og bidra økonomisk til båe.

Vi argumenterte i høyringssvaret vårt for ein prosess, der ein starta med å rydde i habilitet, dobble roller og at ein følgde rådet frå Menon Economics om at, seksjonsleiar for arkiv i fylkeskommunen og dagleg leiar i oppgåvefellesskapet ikkje er ein og same person. Vi såg positivt på at det skulle gjerast ei ekstern utgreiing av økonomien i KAV for å sikre at alle kommunane i fylket har tillit til ordninga og ikkje opplevde forskjellsbehandling frå fylkeskommunen. Vi var og einig i at det skulle føretakast ei ekstern gjennomgang av prisfastsettinga av fylkeskommunen sine ikkje-økonomiske bidrag, revisjon av avtalen om utleige av fylket sine tilsette og andre kjøp og sal av tenester mellom KAV og Vestland fylkeskommune.

Vi meinte at det burde vere kommunane sjølve, gjennom representantskapa i dei to arkivordningane, som eventuelt tok initiativ for ei samanslåing av dei eksisterande arkivsamarbeida eller etablering av eit Vestlandsarkiv som ein ny institusjon etter kommunelova § 17. Om fylkestinget, utan tilsegn frå dei kommunale arkivinstitusjonane, vedtok ein ny instusjon, kunne det bli sett på som etablering av konkurrerande verksemder og føre til mistillit. Dette gav vi tydeleg tilbakemelding på.

### Fylkestinget sitt vedtak

Den 14.06.2023 vedtok fylkestinget med 44 mot 21 røyster kombinasjonskonseptet. Det inneber at fylkeskommunen skal utvikla den regionale samfunnsutviklarrolla innan arkiv, og arbeider for å på sikt etablere «Vestlandsarkivet» – ein ny arkivinstitusjon som samordnar arkivarbeidet i Vestland fylke. Prosessen vidare vil klargjere innhald, omfang og form «Vestlandsarkivet». Sentralt i dette må naudsynt samarbeid mellom arkivorganisasjonane først etablerast.

Fylkestinget bad òg fylkesdirektøren om å gå i dialog med KAV med formål å revidere avtalen om utleige av tilsette og andre praktiske bidrag mellom KAV og Vestland fylkeskommune.

Vidare bad Fylkestinget fylkesdirektøren om å ta initiativ til å etablere eit felles regionalt arkivråd for statlege, kommunale og private arkivinstitusjonar i Vestland fylke.

# Arbeid for kommunane

## Basistenestene

Basistenestene er tenester som vert finansiert av eigartilskotet og ytt til alle eigarkommunane. Tenestene omfattar kommunekontaktordninga, rådgjeving, formidling, arkivfagleg utviklingsarbeide og kompetansehevande arbeide.

### Kommunekontaktordninga

Gjennomføring av krava og intensjonane i arkivlova og forskrifa krev tett oppfølging og høg og spesialisert kompetanse. Som ei del av basistenestene får kvar deltagarkommune sin eigen faglege rådgjevar som følger dei opp i dette arbeidet. I 2023 har det vore aukt fokus på deponeringsplan for digitalt skapte arkiv og bevaring av uttrekk.

*Tabell 3. Basistenesta*

| NØKKELTAL                                    | 2021 | 2022 | 2023 | ENDRING |
|--|------|------|------|---------|
| Rådgjevingssaker                             | 58   | 114  | 101  | -13     |
| Artiklar sosiale media                       | 52   | 55   | 57   | + 2     |
| Publikasjonar, artiklar tidskrift & aviser   | 6    | 7    | 6    | -1      |
| Kompetansetiltak, møter, kurs, webinar o.l.* | 7    | 19   | 57   | + 38    |
| Deltakrarar på våre kompetansetiltak         | 152  | 216  | 239  | + 23    |
| Arkivtilsyn der vi har delteke               | 3    | 2    | 1    | -1      |
| Antall frivillige UiB                        | 9    | 17   | 16   | -1      |
| Antall praksisplass                          | Na   | 1    | na   | -1      |
| Antall studiepraksiselevar UiB               | 3    | 2    | 1    | -1      |

## Formidlingsarbeide

### Felles fagtidsskriftet AKSESS i 2023

Arkivfaget og verdien av arkiv må formidlast. Det er og viktig at arkiva og verdien dei representerer vert synleggjort og at arkiva vert debattert. I 2023 har fagleiar Knut Kjosås delteke i redaksjonen i Aksess som er eit felles fagtidsskrift for sektoren. Det er gjeve ut tre nummer og vi har skrive bidrag til samtlege. Nettløsinga er på plass og Kjosås har òg bidrege til å få til ein ny distribusjonsavtale som sparar alle arkivinstitusjonane for mykje ressursar.

### One Ocean Week 16. april

Rådgjevar, Janny Sjåholm og konsulent Marius Larikka frå oss deltok etter invitasjon frå Bergen kommune på One Ocean week for å setje søkjelys på maritime kjelder kommunale arkiv. I samband med at Statsråd Lehmkuhl kom tilbake etter å ha segla rundt jorda, hadde vi skanna og publisert arkiv etter fiskarmannntala i eigarkommunane.

Laurdag 16. april stod vi på stand på Bryggen i Bergen saman med fylkesarkivet og Bergen Byarkiv der vi delte ut informasjon og formidla fiskerihistorie frå våre eigarkommunar.



Bilde: På stand i samband med One Ocean Week. Janny Sjåholm og Marius Larikka.

## Arkivdagen 9. juni

Rådgjevar Thea Nielsen samordna kjedesleppet på arkivdagen 2023 saman med Bergen Byarkiv, Arkivverket/Statsarkivet i Bergen og Universitetsmuseet. Årets tema var dyr i arkiva og vi hadde igitisert og publisert arkiv etter vilt nemndene i fleire av eigarkommunane våre.

## Slektsforskardagen 28. oktober

Rådgjevar Thea Nielsen deltok på slektsforskardagen på Statsarkivet i Bergen 28. oktober og presenterte kjelder frå våre arkiv. I tillegg til å digitisere mange kjelder for slektsforskarar på Digitalarkivet, har vi og utvikla rettleiing på heimesidene.

A screenshot of a website titled 'Finn slekta di'. The page features a large historical photograph of a family. Below the photo, there are five green buttons with white text: 'Skulevesenet', 'Overformyndarset', 'Fattigvesenet', 'Herredskommisjonen av 1863', and 'Verjerådet'. At the top of the page, there is a navigation bar with links for 'Bruk arkiva', 'Finn slekta di', 'Søke hjå Digitalarkivet', 'Bestill innsyn', 'Frivillig', 'Historier frå arkivet', and 'Om oss'.

NR.1 | 2023

MENINGER

Fare for tapte arkiver  
Rettssikkerhet og innsyn i fare  
Ny arkivlov må prioriterast!

REDAKSJONELT

Tilsyn virker  
En hyllest fra en arkivbruker  
Gullgraveren Trude Lorentzen

ANNET

Arkivaren  
Erfaringsdeling  
Fordypning

# AKSESS 1

TIDSSKRIFT FOR ARKIV + DOKUMENTASJONSFORVALTNING



PRIS KR 149

## Arkivfagleg utviklingsarbeide

Å utviklinge både arkivfaget og dei verkemiddela vi bruker for å løyse kommunane si gjennomføring av krav i lov og forskrift, er viktig for eigarane våre og for oss.

### Samarbeidsrådet for Digitalarkivet


Gjennom 2023 har fagleiar Knut Kjosås delteke i samarbeidsrådet for Digitalarkivet. Målgruppa er fagpersonar med god brukarforståing og teknisk kompetanse i digitale arkivtenester. Vi har delteke i to møter gjennomført ein felles Workshop saman med Arkivverket i 2023.

Målet har vore å utvikle Digitalarkivet som nasjonal fellesløysing for å kunne stetta dei behova som kommunane har. Vi har gjeve innspel til løysningar for mottak og bevaring, sjølvbetjening og korleis arkivstatistikk kan brukast til å gjere oss meir datadrevne. Samarbeid og samordning er sentrale verkemiddel i vår strategi for å løyse kommunane sine behov.

### Arbeidsverkstad saman med Arkivverket 29. og 30. november

I 2023 var 45% av alt publisert innhald på Digitalarkivet frå arkiva til våre eigarkommunar. Vi er den største kommunale aktøren på Digitalarkivet. Då vi òg var fyrst ute å ta Digitalarkivet i bruk som digitalt sikringsmagasin, har vi hausta mange verdifulle erfaringar på kva ein bør gjere og kva feil ein bør unngå. På bakgrunn av dette inviterte Arkivverket seg til eit besøk og ein to dagars arbeidsverkstad der våre folk gjekk saman med utviklingsteam frå Arkivverket for å sjå på korleis vi kunne utvikle og forbetra dei nasjonale fellestenestene. I samarbeidets ånd inviterte vi òg tilsette frå Bergen Byarkiv til å delta. Målet var å auke fagleg samarbeid og kompetansedeling.

Nasjonale fellesløysingar er eit sentralt verkemiddel i vår strategi for å løyse kommunane sine behov.



## Arkivutgreiinga i Agder 2021-2024

Agder fylkeskommune tok våren 2021 i sak 50/21, initiativ til å gjennomføre ei utgreiing for å vurdere arkiv-og museumstrukturen i Agder og komme med eventuelle framlegg til endringar i denne. Vi vart førespurd om å sitje i referansegruppa for arbeidet. Dagleg leiar, Rune Lothe har delteke og gruppa har helde fire møter i 2023. Utgreiinga og rapporten er planlagt ferdig i mars 2024.

### Skanning av vegsaker og kopling mot matrikkelen

I eit pilotprosjektet har vi skanna alle vegsaker i to kommunar frå 1965-1995 og lasta dei opp i Fetch. Arkivmaterialet har så blitt maskinelt OCR-lest, indeksert og gjort tilgjengeleg for våre sakshandsamarar. Erfaringane våre vart presentert for både arkivmiljøet og for kommunane og målet er å bruke det vi har lært for å gjøre meir materiale tilgjengeleg.

| Name              | Last modified     | Adresse Omtale  | Søke emner   | Gjeldende Omtale                                      | Allment arkivskjema                                | Tekniske oppgaver                                   |
|-------------------|-------------------|---|--|---|--|---|
| Nyveier           | February 26, 2023 | Kvækland, Haug, Hillesborg, Dølven, Klemetsrudvegen                                     | Karl, Kværnes, Repareringene, Tilknytt                             | 3/3, 1/2, 1/3, 6/14, 2/3, 1/3, 3/3                    | Ø frak- og korespondanse etter organiser henvendes | Ø frak- og korespondanse etter organiser veilegning |
| Hovudvei / Dørvei | February 26, 2023 | Hovudveien, Østflatenvegen, Ryfylkevegen, Byfjell, Haug, Hovudveien, Nøtterøy, Tønsberg | Karl, Repareringene, Østflatenvegen, Tønsberg, Tønsberg, Vassdrift | 1/91, 4/14, 16/15, 5/40, 5/3, 20/30, 5/14, 29/19, 6/7 | Ø frak- og korespondanse etter organiser henvendes | Ø frak- og korespondanse etter organiser veilegning |

## Frivilligprogrammet i 2023

Konsulent Adisa Zvekic hjå oss har i 2023 hatt koordineringsansvaret for frivilligprogrammet vårt. Dei frivillige hjå oss er i hovudsak studentar frå Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Bergen.

Sidan 2020 då programmet starta, har 57 frivillige delteke. I året som gjekk deltok 16 frivillige, og 280 kjelder og 22809 sider har blitt skanna. Nytt av året er at dei frivillige har skanna mykje privatarkiv, slik at vi no er den kommunale arkivinstitusjonen i Vestland som har flest digitale privatarkiv på Digitalarkivet.

Planane er no å ta i bruk Microsoft Bookings for reservering av skannevakter då dette både er enklare å integrere med nettsida og integrerer seg med Outlook-kalenderen til koordinator.

## Innlegg på Privatarkivkonferansen i Sandefjord 31. mai

Arkivverket deltar i samarbeidsprosjektet «Leading and Learning - Connecting Nordic Museums and Archives in Volunteer Leadership» Gjennom ei undersøking av bruk av frivillighet ynskjer Arkivverket å hauste erfaringar.

Vår erfaring er at frivillige er viktige, spesielt for å auke digital tilgang til arkivmateriale. Dette var også noko vi delte med resten av arkivmiljøet då dagleg leiar Rune Lothe heldt innlegg om bruk av frivillige til skanning av privatarkiv på Privatarkivkonferansen i Sandefjord 31. mai 2023

Sjølv om vi ikkje driv aktiv innsamling av privatarkiv frå våre kommunar, tek vi i mot privatarkiv som er kommunalt eigde, dersom kommunane våre ynskjer dette.

#### Styret i Arkivforbundet, styret i Arkivarforeningen og styret i Stiftinga ASTA

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er medlem i Arkivforbundet. Fagleiar Knut Kjosås og rådgjevar Janny Sjåholm vart høvesvis valt inn i styret for Arkivforbundet og styret i Arkivarforeningen i 2023. Dagleg leiar Rune Lothe sit som vara til styret i stiftinga ASTA. Det at tilsette hjå oss vert spurd om å ta verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner tek vi som ei tillitserklæring<sup>9</sup>. Det styrkar og gjev tilsette verdifull erfaring om samordning på tvers av sektoren, noko ein tek med seg tilbake til arbeidet med å løyse eigarkommunane sine behov.



Fagleiar, Knut Kjosås representerte Arkivforbundet på ICA-kongressen 7-9 oktober. Denne gongen i Abu Dhabi.

<sup>9</sup> Kostnadar, reiser o.l. forbunde med verv, opplæring og deltaking i nasjonale og internasjonalt fagarbeid, vert i hovudsak dekkja av organisasjonane og ikkje av IKA-Hordaland IKS.

## Kompetansehevande arbeide

Vi har i løpet av 2023 hatt 59 kompetansetiltak retta mot eigarkommunar og arkivsektoren generelt. I tillegg har vi delteke på over 40 ulike samlingar og møter knytt til utvikling regionalt og nasjonalt.

### Redaksjonen for det 9. Norske Arkivmøte

Rådgjevar Janny Sjåholm vart i februar 2023 oppnemnd som representant frå Arkivforbundet til å sitje i arrangementskomiteen for det 9. Norske Arkivmøte som skal gå av stabelen i april 2024.

Det Norske Arkivmøte vert rekna som den største arkivfaglege møteplassen for alle som arbeider med og er oppteken av data, arkiv og dokumentasjonsforvaltning. Grunna pandemien er det 6 år sidan sist gong Det Norske Arkivmøte vart arrangert.

### Internship hjå strafferetsdomstolen i Haag ICC

Rådgjevar Janny Sjåholm fekk i 2023 permisjon hjå oss og medlemsstipend frå Norsk Arkivråd for å gjennomføre eit 3 månader langt internship hjå strafferetsdomstolen i Haag. Sjåholm arbeidde med ulike arkivoppgåver i Library, Archives and Legacy-teamet, som er organisert under the Information Management Services Section. Sjåholm skreiv ein artikkel i Norsk arkivråd 2/2023 om opphaldet.

At våre tilsette får internasjonal erfaring er positivt for oss og ei tillitserklæring. Det er og ein viktig arena der våre tilsette kan få auka sin kompetanse og få fagleg påfyll som kjem eigarane til gode.



Bilde, Janny Sjåholm utanfor ICC i Haag



Bilde, Praksisstudenten Marius Larikka


## Samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB) om praksisstudentar og praksisplass

Universitetet i Bergen (UiB) tilbyr gjennom studieemnet AHKR201 «Praksis i arbeidslivet». Emnet er knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap. Dette er eit emne som gjev 15 studiepoeng og skal gje studentar fagleg kompetanse gjennom deltagning i arbeidsoppgåver som kan vere relevante for studieretninga deira.

Vi har i fleire år hatt ei samarbeid med UiB kring dette. Etter presentasjon for aktuelle studentar 12. januar, tok vi i mot ein student som gjennomførte 200 timer praksis. Etter endt praksis fekk han tilbod om sommarioppdrag. Vi deltok òg på paneldebatt under karriereveka på UIB 17. april som eit ledd i å presentere arkivaryrket og oss som arbeidsplass.

## Kontaktkonferansen 28 og 29 september

I september arrangerte vi kontaktkonferanse der vi fekk møte dei mange dyktige fagleiarane og arkivmedarbeidarane ute i eigarkommunane våre. I tillegg til eit rikhaldig program hadde konferansen arkivquiz og ei noko forsinka 35-års jubileumsfeiring.



Bilde:

Stolte vinnarar av Arkivquiz på  
Kontaktkonferansen 2023

## Samarbeid med andre

Gjennom året besøkte vi og fekk besøk av ei rekke andre arkivinstitusjonar. Føremålet er å dele kunnskap og å få innspel på korleis vi kan levere betre tenester til våre kommunar. I 2023 vart vi vitja av mellom anna representantar frå Arkivverket, fagleiar og dagleg leiari ved IKA Rogaland og av musea i Vestland, Oslo Byarkiv, Bergensavisa BA, Kulturbyråden i Bergen og KLP. Vi hadde besøk av ei en del private verksemder, mellom anna Iconfirm, Ebru Technologies og Intop Fetch som arbeider med GDPR, OCR og tekstgjennkjennning.



Bilete frå besøk av, fagdirektør Arkivverket, Stian Nordli.



Bilete frå besøk av Musea i Vestland.



Faksimile frå BA om ombygginga i Hansaparken



Bilete: Ukrainske flyktningar på bedriftsbesøk.

Den 18. april hadde vi besøk av Bergens læringsenter og eit sterkt møte med 26 Ukrainske flyktningar. Medan dei fekk omvising snakka vi om arkiva si rolle i eit fritt demokratisk samfunn, rettsvernet til den einskilde og ein felles kulturarv. Tilbake fekk vi innblikk i korleis krigen trugar arkiva, noko som òg var tema for Lene Christensen sin artikkel i første utgåva av AKSESS 24.11.2022.

Den 7. desember fekk vi besøk av Stine Stennes Hovdenakk frå Nynorsk Kultursentrum som snakka om oppgåva dei har fått frå Arkivverket med å lage bevaringsplan for nynorsk språk og skriftkultur.



Frå biletarkivet etter Askøy tidend som vi saman med Nasjoanalbiblioteket fekk digitisert og bevart digitalt i 2023.

## Depottenestene

Depottenestene består av to tenesteavtalar som omfattar sikring og formidling av både analoge og digitale arkiv. I følgje arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. I 2023 hadde alle dei 24 eigarkommunane teikna avtale om å bruke oss som si depotordning.

Arkivverket sine tilsyn syner at det framleis er behov for å opparbeide forskriftsmessige arkivlokale sjølv om utviklinga går i retning av digital arkivskaping. Trygg lagring og forskriftsmessige lokale gjeld uavhengig om formatet er papir eller digitalt.

### Sikringsmagasin for papirarkiva

Gjennom tenesteavtala får kommunane tilgang til spesialrom for papirarkiv som skal tilfredsstille NS-ISO 11799:2015 for eldre og avslutta arkiv. Minimumskravet i forskriften seier at administrative arkiv som vart skapt før 1992 no skal vere ordna og deponert. I tillegg skal avslutta arkiv frå alle nedlagde kommunar òg vere deponert.

### Arbeidet med deponering av kommunale arkiv

Hausten 2012 såg vi slutten på arbeidet med å ordne og katalogisere arkiva frå 1837 fram til den store kommunereforma i 1964. Det vart då sett i gong eit felles to-årig prosjekt som hadde som mål å samordne, kartlegge og greie ut behovet for ordning og depotplass for arkiva etter 1964 og fram mot 1990-talet. Rapporten vart levert i januar 2015 og viste at 2216 hyllemeter, hovudsakleg frå 1965-1985, då var henta inn til ordning. I tida fram mot 2020 henta vi inn eit etterslep samstundes som ei rekke samanslåingskommunar deponerte arkiva. Hausten 2021 var starten på slutten av arbeidet med å ordne og katalogisere arkiva frå 1965-1992. I desember 2023 står det att 487 meter å ordne før vi er i mål fram til 1992 for dei arkiva vi har i depot.



Bilde av dyktige arkivfolk først publisert i artikkelen i Aksess 26.05.23. Foto: Kvinnherad kommune.

I april 2023 vart store deler av papirarkivet til Kvinnherad klargjort for sending til IKA Hordaland IKS. F.v. Elin Valland Haugen, Randi Guddal Zimmer og Lars Næs frå Kvinnherad kommune og Knut Kjosås og Inge Vikane frå IKA Hordaland.

**Tabell 4. Nøkkeltal bestand**

| NØKKELTAL                                    |  | 2021  | 2022  | 2023  | ENDRING |
|--|--|-------|-------|-------|---------|
| Tilvekstar offentlege arkiv hyllemeter       |  | 1303  | 216   | 346   | +130    |
| Offentlege arkiv bestand hyllemeter i depot. |  | 11928 | 11845 | 12190 | +345    |
| Tilvekstar privatarkiv hyllemeter            |  | 0     | 22    | 0     | 0       |
| Privatarkiv bestand hyllemeter i depot       |  | 63    | 105   | 105   | 0       |
| Samla bestand (offentleg og privatarkiv)     |  | 11928 | 11950 | 12235 | +285    |
| Ledige hyllemeter i magasin pr. 31.12.       |  | 2609  | 2050  | 2000  | -50     |

Etter at vi flytta til Hansaparken i 2009 har eigarkommunane våre deponert heile 11281 meter arkiv. Vi bevarer og formidlar no dokumentasjonen fra over 12 kilometer arkiv frå 1837-2019. Vi nyttar ASTA, Arkivportalen som fagsystem for å løyse krava kommunane har i forhold til register over bestand og katalog. Data frå våre register vert og brukt i nasjonale statistikkar og i arbeidet med å digitalisere arkiv og gjere desse søkbare til dømes via Digitalarkivet.

Arkivstatistikken frå Arkivverket fortel at vi er den depotinstitusjonen som prosentvis har samla inn og bevart mest papirarkiv dei siste 10 åra. Då vi flytta til Hansaparken i 2009 deponerte vi 954 meter arkiv for kommunane. Det meste av kommunale arkiv stod då framleis ute både i kjellarar og på loft hjå dei enkelte eigarkommunane.

Gjenbruk av data gjev treff på arkiv, serie, saksnivå og mappetittel. Publikum får dermed lettare tilgang til arkiva, t.d. gjennom lesesal eller scan on demand. Sakshandsamarar kan søke i Deponika og få betre treff og dermed redusere tida på sakshandsaming av innsyn.

**Tabell 5. Nøkkeltal katalog**

| NØKKELTAL                              |  | 2021   | 2022   | 2023   | ENDRING  |
|--|--|--------|--------|--------|----------|
| Arkiv registeret i ASTA                |  | 4284   | 4739   | 4911   | +172     |
| Registrerte arkivstykker, ASTA         |  | 109221 | 122346 | 132650 | +10 304  |
| Registrerte mapper, ASTA               |  | 625511 | 724351 | 868385 | +144 034 |
| Publiserte arkiver, Arkivportalen      |  | 3520   | 4569   | 4633   | + 64     |
| Publiserte arkivstykker, Arkivportalen |  | 71914  | 84835  | 89004  | + 4169   |
| Publiserte mapper, Arkivportalen       |  | 178596 | 196619 | 219203 | + 22584  |

## Deponering av arkiva 1992-2020

Våren 2022 vart det sett i gong eit nytt kartleggingsarbeid. Arbeidet viste at det stod 6230 hyllemeter avslutta papirarkiv att i kommunane. Materialet er i hovudsak frå perioden 1992-2020.



Figur 1. Avslutta papirarkiv i eigarkommunane frå tidsrommet 1992-2020.

Tilbakemeldingane frå eigarkommunar er at dei no ynskjer å setje bort forvaltinga av alt arkiv som er skapt på papir til oss. Fleire ynskjer òg at vi tilbyr mediekonvertering og at vi digitiserer arkiva, tilgjengleggjer dei i ei innsynsløysing, lagar uttrekk for langtidsbevaring og destrurerer papira.

I 2023 signerte vi den fyrste oppdragsavtala for mediekonvertering. Erfaringar frå dette arbeidet vil saman med erfaringar frå andre liknande prosjekt, verte brukt til å sjå på korleis ei slik teneste kan skalerast for å møte kommunane sine ynskje.

## Innsyn i arkiva

Vi har eit mål om at vi skal klare å levere innsyn digitalt innan 1-3 virkedagar frå vi mottar bestillinga. Dei siste åra har talet på innsynsførespurnader auka. Sakskomplekset er meir omfattande enn før og volumet av arkiv det vert spurt etter aukar. Vi må i større grad òg forhalda oss til «hybride» arkiv, dvs. arkiv der vi må setje saman data og dokumentasjon frå fleire kjelder for å gje innsyn. Dette fører til at vi må bruke meir tid og ressursar på å sakshandsame innsyn i arkiva.

I januar 2023 oppretta vi «team innsyn» som bestod av fem konsulentar og vart leia av ein rådgjevar. Målet var både å tilby fagleg utvikling til konsulentane som hadde sakshandsamarrolla og forbetre verktøy som sakshandsamarane hjå oss har til rådvelde. Det vart òg arbeidd med å oppdatere og synleggjer rutinane våre og kvalitetssikre at vi leverte like tenester. Rådgjevar, Thea Henriette Skjåk Nilsen skreiv om denne problematikken i ein artikkel i Aksess 2/2023 den 6. oktober 2023 og om korleis vi hadde jobba for å tilby betre tenester for innsyn.

**AKSESS**

Annonse Abonnere Logg inn ⚙



FRA PAPIR TIL NETT: IKA Hordaland har digitalisert og tilgjengiggjort arkivmateriale som har verdi for slektsgranskre. Arkivmateriale eldre enn 100 år ligger fritt tilgjengelig på Digitalarkivet. Bildet viser rådgiver og artikkelforfatter Thea Henriette Skjåk Nielsen. Foto: Foto: IKA Hordaland

**Bedre tjenester for innsyn**

På interkommunalt arkiv i Hordaland har vi som mål at arkivene skal være åpne og tilgjengelige som informasjonskilder for både samtid og ettertid. De siste månedene har vi jobbet med å legge til rette for god og effektiv sakshåndtering, samt å forbedre tjenester knyttet til innsyn.

Thea Henriette Skjåk Nielsen

*Bilete: Faksimile Rådgjevar,  
Thea Henriette Skjåk Nielsen  
frå artikkel i Aksess nr 2/2023*

I oktober 2023 føretok vi anskaffelse av ny sak/arkiv-løysing, Elements Cloud. Prosjektet med å innføre løysinga hjå oss vart leia av rådgjevar Thea Henriette Skjåk Nielsen. I samband dette vart det òg utvikla eit bestillingsskjema for bestilling av innsyn.

**IKA HORDALAND**

Siste nytt på Digitalarkivet Bestill innsyn Frivillig Historier frå arkivet Om oss

Forside / Bestill innsyn AAA

## Her kan du bestille opplysningar frå våre arkiv

Før du kontakter oss bør vi om at du gjer deg kjent med informasjonen som ligg ute på våre nettsider om katalogar og digitalisert materiale. For at vi skal kunne hjelpe deg må du fylle ut skjema mest mulig presist. Ved innsyn i rettsdokumentasjon – opplysningar om eigen oppvekst, skulegang eller helse – bør vi deg om å ta kontakt med kommunen der du bur eller har budd. Ikke skriv sensitive personopplysinger i skjema.

Ditt namn \*

Din e-post \*

Ditt telefonnummer

### Strekkodeløsing for raskare gjenfinning

I februar 2023 lanserte vi «Deponika, sakshandsamarens beste ven.» vs 1.5. som er eit eige fagsystem som samlar fleire ressursar som våre sakshandsamarar bruker til både å finne fram i arkiva, kvar desse står i arkivmagasina våre og om arkiva allereie er digitisert på ei arbeidsflate. I tillegg lanserte vi eit eige bestillingsskjema som vart kopla til postmottaket i sak/arkiv-løysinga.

Faglear Knut Kjosås utvikla og ei strekkodeløsing for arkivdepot. Løysinga fokuserer på gjenbruk av strukturerte data som vert henta frå «Deponika, sakshandsamarens beste ven». Strekkodar betrar gjennfinning av arkivstykke og kortar sakshandsamingstida.

The screenshot shows a search results page from Deponika. At the top left is the logo 'Deponika' with a smiley face icon. Below it is a search bar with the placeholder 'Frivillige'. Underneath is a note: 'Deponika lar deg sjekke etter plassering av arkiv. Søk ved å skrive i søketekstboxen oven. Tabellen vert oppdatert mens du skrив'. A note below says 'Klikk på arkivkartet for å sjekke digitalisert og lista-id for å sjekke arkivportalen.' There is a 'Skriv ut' button. The main area is a table with columns: 'ARKID', 'Arkivskaper', 'Serie', 'Plassering fra', and 'Plassering til'. The data includes:

| ARKID         | Arkivskaper                  | Serie | Plassering fra | Plassering til  |
|---------------|------------------------------|-------|----------------|-----------------|
| 1219-Pa0019   | Ferdie Bænkleig              | Fa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219A-Pa00201 | Lars Wichtmann               | Fa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0020   | Banestøt spesialarkiv        | Aa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0021   | Bremnes frisørslag           | Aa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0022   | Varden sr. vegbladslag       | Fa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0023   | Godsens innsynssakerforening | Aa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0024   | Banlio verftslag             | Aa    | Skjema         | Frivillige 2023 |
| 1219-Pa0026   | Marenskogen Hordur           | Fa    | Skjema         | Frivillige 2023 |

Bilde: Skjermbilde fra Deponika vs. 1.5

The screenshot shows a window titled 'Strekkodegenerator'. It has tabs for 'Doktype', 'Dokumentets nr.', 'Plassid', 'Fnr', 'Kj', 'Sjekksum', 'Vurdering', 'Merk med vurdering', 'Digitale dokumenter', 'SparePDF og PDF', 'Start over', and 'Log ut/avslutt'. The main area contains a note: 'Bruk den liste i dokumentet under til å lage et strekkode.' Below it is a note: 'Dok: 1219-01-01-24'. A note above the barcode says: 'Den er laget i strekkodeformat på denne saks. Oppgaven du mottokeren måtte ha ikke eksisterte innen.' Below it: 'Du kan også laste ned en versjon i PDF-format ved å klikke på knappen 'Last ned PDF-versjon'. Denne versjonen inneholder ikke vurderinger.' Below that: 'Last ned PDF-versjon'. At the bottom are buttons for 'Log ut/avslutt', 'Ny dokument', 'Ny versjon', and 'Start ut medkoder'.

Skjermbilde fra strekkodegenerator vs. 1.5.

Tabell 6. Nøkkeltal innsynssaker

| NØKKELTAL                               |  | 2021 | 2022 | 2023  | ENDRING |
|---|--|------|------|-------|---------|
| Innsynssaker i papirarkiva              |  | 746  | 749  | 825   | +76     |
| Besøk på lesesalen                      |  | 10   | 11   | 10    | -1      |
| Timer brukt til innsyn                  |  | 1331 | 1379 | 3190  | +1811   |
| Tidsbruk pr. innsyn (timer og minutter) |  | 1,47 | 1,48 | 3,51* | +2,03   |

## Digitalisering av kulturarva

Det nasjonale målet er at 10% av arkiva skal vere digitisert innan 2029. Riksrevisjonen si undersøking av digitalisering av kulturarva, Dokument 3:4 (2016-2017) slo fast at berre ein liten del av kulturarva som dei kommunale arkiva representerer er digitisert og gjort digitalt tilgjengeleg for publikum.

Ålmenn tilgang til arkiv som informasjonskjelder kviler på FNs berekraftmål om demokratiske rettar for den einskilde innbyggjarar. Frå 2019, då Digitalarkivet (DA) vart opna for oss som tenestetilbydar, har vi gjennom avtalen med Arkivverket digitisert kommunale arkiv eldre en 100 år og publisert desse opent tilgjengeleg.

Frå 2023 vart digitaliseringarbeidet inkludert som ein del av tenestene eigarkommunane får gjennom depotavtala dei har med oss. Arbeidet er finansiert over depotleiga og det er planlagt å bruke eit årsverk årleg framover slik at eigarkommunane når det nasjonale målet om at 10% av denne delen av kulturarva skal vere digitisert innan 2029.

I desember 2022 vart Adisa Zvekic tilsett i rolla som digitaliseringkoordinator / konsulent med ansvar for satsinga vår på digitalisering av kulturarva. I oktober 2023 nådde ho saman med dei mange dyktige skanneopreatørane våre ein milepål med 1 million bilet tilgjengeleg på Digitalarkivet.

Vi auka mengda digitiserte arkivstykker frå 4,7% i 2022 til 6,7% i 2023. Det betyr at vi er i rute i høve målet om 10 % i 2029, dette sjølv om mållinja flyttar seg etter kvart som kommunane deponerer meir arkiv til oss.

**Tabell 7. Nøkkeltal Digitisering av kulturarva**

| <b>NØKKELTAL</b>                                  |  | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>2023</b> | <b>ENDRING</b> |
|---|--|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Totale tal blider tilgjengeleg via Digitalarkivet |  | 308676      | 730731      | 1015290     | +38,9%         |
| Totale tal sider tilgjengeleg via Digitalarkivet  |  | 617352      | 1461462     | 2030580     | +38,9%         |
| Totale arkivstykker / bøker tilgjengeleg digitalt |  | 2488        | 4041        | 5548        | +37,2%         |
| Antall stykker /bøker digitisert pr. år           |  | 1353        | 1526        | 1507        | -19            |
| Antall bilder digitisert pr. år                   |  | 182832      | 427562      | 339238      | -88324         |
| Tal sider digitisert                              |  | 365678      | 793194      | 871722      | -88324         |
| Antall kjeldevisninger via digitalarkivet pr. år. |  | 146834      | 177846      | 4297731     | +2316%         |

Samordning av digitisering av den kulturarven dei kommunale arkiva representerer er avgjerande for å sikre at enkelte kommunar ikkje fell bak og at vi dermed får eit digitalt klasseeskilje.

Vi hadde i tillegg til Kulturarva fleire andre prosjekt og bestillingsoppdrag og skanna mellom anna Bygningsrådet 1960-1995 (Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad, Lofthus- Ullensvang og Øygarden)

- Skuledagbökene 1837-1920 (ferdig)
- Likningsprotokollar 1827-1920


I tillegg skanna vi møtebøker frå Kommunestyre og formannskap 1980-2019 for Kvinnherad, Odda, Os, Fusa, Vaksdal, Askøy. Det er gledeleg å sjå at bruken av dei digitiserte arkiva aukar.




Bilete: Besøk frå IKA-Rogaland. Frå bakerst: konsulent Marius Larikka, fagleiar Knut Kjosås og fagleiar Trude Fjæræn Tveit, Digitisering-skoordinator Adisa Zvekic og dagleg leiar i IKA-Rogaland IKS Tor- Ingve Johannessen.

**Tysnes kommunestyre og formannskap digitalt frå 1837-1995**

I 2023 gjennomførte vi eit skanneprosjekt som til og med resulterte i ein artikkel i Kommunal rapport. Dette var skanning av formannskap og kommunestyre frå Tysnes som no er digitisert frå 1837-1995. Erfaringane frå dette prosjektet, vil bli nytta til å gjere liknande arbeide for dei andre eigarkommunane.





## Digitalt sikringsmagasin, DSM

Arkivverket si årlege kommuneundersøking frå 2014 fortalte at 76 % av kommunane i Hordaland fylke aldri hadde teke uttrekk frå fagsistema sine. Vi gjennomførte i september 2015 ei kartlegging av elektroniske arkiv for å få oversikt og sjå på korleis vi kan bidra til å ta att etterslepet.

I kartlegginga fann vi 889 elektroniske system. Av desse var 458 aktive, 237 var avslutta og 194 hadde ukjend status. Ved utgangen av 2014 hadde vi motteke 59 system frå kommunane og det var eit etterslep på 178 system. Av desse var 46 frå kategorien sak-arkivsystem og 132 varfrå dei ulike fagområda som kommunane arbeider med. Av desse vart 69 system vurdert til å ha høg bevaringsprioritet då dei omfatta rettsdokumentasjon<sup>10</sup>.

Kartleggingsrapporten synte at arbeidet med å ta att etterslepet og få sikra dei 178 sistema som var avslutta ute i kommunane ville krevje minimum 15,5 årsverk, eller 12,4MNOK<sup>11</sup>. Det vart arbeidd med å finne finansiering for eit prosjekt. Samstundes kom kommune- og regionreforma og la beslag på dei fleste av ressursane våre og vi sat att med om lag ½ årsverk til å arbeide med etterslepet. Dette førte til at ved årsskifte 2018, hadde framleis 54 % av Hordalandskommunane ikkje bevart noko som helst.

Året etter vart arbeidet med å løyse etterslepet for kommunane teke opp att. Arbeidet gjekk på fram, og då pandemien slo til i mars 2020 hadde vi redusert etterslepet med ytterlegare 12%. Hausten 2020 starta vi eit strategisk samarbeid med IKT- Nordhordland og DigiNordhordland. Det vart etablert eit samarbeidsprosjekt med 10 kommunar som resulterte i ein rapport og fleire tiltak i tilknyting til lagring, bevaring og innsyn i kommunal dokumentasjon og data for framtida<sup>12</sup>.

Rapporten var òg ei bestilling til oss om å løyse eigarkommunane sitt behov for sikring av system og kommunale data i eit 50-års perspektiv. Vi starta difor hausten 2021 ein pilot saman med Arkivverket om bruk av Digitalarkivet som sikringsmagasin. Samstundes leigde vi inn meir ressursar for å forbetre arbeidsløypa kring uttrekk og sikring av data. Dette resulterte i at vi i juni 2022 teikna ei driftsavtale om bruk av Digitalarkivet som digitalt sikringsmagasin, DSM.

**Tabell 8. Nøkkeltal Digitalt depot**

| NØKKELTAL                                     | 2021 | 2022 | 2023 | ENDRING |
|---|------|------|------|---------|
| Tilvekst (aksjon) mottekne systemdumper       | 41   | 88   | 26   | -70%    |
| Samla bestand av digitale arkiv (arkivpakker) | 159  | 247  | 273  | +55 %   |
| Tal uttrekk (arkivpakker) under arbeid        | 159  | 164  | 164  | na      |
| Samla bestand ferdige uttrekk lasta inn i DSM | na   | 83   | 109  | +23%    |

Tabellen viser at innsatsen for å få inn avslutta system frå eigarkommunane har gjeve resultat. Ved utgangen av 2023, var talet på eigarkommunar som ikkje hadde teke uttrekk redusert med til 3 %. I 2023 vart det arbeidd mykje med å få handsama og lasta opp system i DSM og forenkle og forbetre arbeidsmetodane. Oppdatert kostnadsestimat syner at kostanden med å ta att etterslepet og sikre avslutta digitalt skapt arkiv, no er redusert til vel 6,9 MNOK<sup>13</sup>.

10 Rapport kartlegging av elektroniske arkiv. 01.09.2015 sak 15/14

11 Estimert arbeidskost i 2016.

12 Rapport, Lagring, bevaring og innsyn i kommunal dokumentasjon og data for framtida 15.06.21.

13 Estimert kostnad i 2023 under føresetnad av at kommunane ikkje har fleire system som skal omfattast av prosjektet.

Arbeidet med å ta att etterslepet vart i juni 2022 utvida frå å inkludere nordhordlandskommunane til eit felles prosjekt som omfatta alle eigarkommunane. Vi forsokterte kostnadene i forprosjektet i 2022 og kommunane vart fakturert for sin vel ved årsslutt i 2023 slik at dei fekk tid til å innarbeide kostnadene i budsjetta sine. Prosjektet er planlagt å gå gjennom heile økonomiplanperioden til 2027.

### Utvikling av innsynsløysing for arkivdepot

I november 2022, vart vi utfordra til å lage eit konseptbevis for DigiVestland på korleis eit arkivdepot som oss kunne klare å gje innsyn i deponerte data frå barnevernssystem. Fleire av eigarane våre skulle i løpet av 2023 føre ut fagsystem for barnevern og deponere såkalla «hybride arkiv» der dokumentasjon om brukaren fast både på papir og digitalt. Resultatet av arbeidet vårt og eit teoretisk konseptbevis, vart presentert på eit frukostmøte i regi av DigiVestland i mars 2023.




Fig. 2. framdriftsplan for prosjektet «Historiske arkiv og Digitale innsynsløysinger»

Digitaliseringsutvalet i DigiVestland, DU, bestemte seg for ikkje å gå vidare med å løyse innsyn i hybride arkiv slik konseptbeiset føresa. I staden skulle prosjektet utvidast med fleire nye interesser og utviklast til eit prosjektarbeid i regi av KS.

Då behovet til våre eigarkommunar var akutt, valde vi å produksjonssette konseptet for eiga rekning og utvikla gjennom året ei eiga intern løysing. Denne gjorde oss og kommunane i stand til å føre ut dei gamle barnevernssistema og avslutte drift og support.

Det at kommunane fekk frigjort driftsmidlar som tidlegare gjekk til å halde liv i gamle løysingar førte til at dei raskare kunne gå i gang med å anskaffe nye fagsystem for barnevern og ta i bruk nye digitale fellesløysingar utvikla av DIGIBarnevern-prosjektet. Kommunane treng ikkje lenger å migrere og dra med seg store mengder gamle data. I staden kan dei be om desse saman med digitiserte dokument frå deponerte papirarkiv når behovet oppstår.

Tilnærminga til korleis løyse innsyn i hybride barnevernsarkiv må òg sjåast i samanheng med at vi gjorde ei organisasjonsendring og oppretta «team innsyn». Den tekniske løysinga vart tilpassa slik at sakshandsamarar hjå oss med litt opplæring kunne gjøre oppslag i digitalt skapte arkiv og hente og digitisere papirarkiv knytt til ein og same brukar, for så å ekspedere dette digitalt på ein trygg måte via SvarUT.

Saman med bestilling av innsyn via SvarInn direkte i vårt postmottak, gjorde dette at kommunane fekk raskt svar på førespurnad om innsyn, nokre gonger same virkedag, og det sjølv om store mengder papirarkiv òg måtte finnast fram frå magasina og digitiserast som ein del av førespurnaden.

**BEVARING**

Austevoll kommune, Skulane – WIS Skole (2000 - 2018) TILBAKE

|              |   |
|--------------|---|
| Arkivuttrekk | Organisasjonsnummer <span style="color: #ccc;">?</span><br><input type="text"/>                       |
| Arkivskaper  |   |
| Lagring →    | <b>Lagring</b>  |
| Overføring   | Databehandler<br>IKA Hordaland  |
| Juridisk     |   |
| Beskrivelse  | Datasettetid<br>3dc7bab5-f06c-4612-b52a-02103090d5c2  |
| Historikk    | Bucket<br>da-bevaring-ika-hordaland-prod-e001   |
|              | Lokasjon innenfor bucket <span style="color: #ccc;">?</span><br>3dc7bab5-f06c-4612-b52a-02103090d5c2/ |
|              | Siste generasjon<br>ig0   |

Bilete: Frå bevaringsløysinga i Digitalarkivet – Austevoll kommune Wis skolesystem.

### Utfasing av gamle fagsystem

Den konseptuelle tilnærminga til korleis innsyn i data frå gamle fagsystem kan løysast, saman med avtalen om å bruke Digitalarkivet som løysing for langtidsbevaring av kommunale data, bidrog til at eigarkommunane i 2023 kunne ta i bruk nye digitale løysingar og likevel få tilgang til gamle data.

For å lukkast med digitaliseringa og hente ut gevinstar var eigarkommunane nødt til å anskaffe nye fagsystem som var tilpassa nye felleskomponentar. Migrering av gamle data med låg bruksfrekvens over i nye driftsløysingar kosta eigarkommunane mykje ressursar. Strategiar som hadde dette som utgangspunkt var difor ikkje ynskjelege.

Arbeidet med å fase ut gamle fagsystem i barnevernet som starta i 2023 er for vår del planlagt ferdig innan utgangen av 2024. Då skal eigarkommunane ha deponert eldre fagsystem frå barnevernet til oss.

Nasjonale fellesløysingar er ein viktig del av vår strategi for å bistå kommunane med å fylle lov- og forskriftskrav. I ei nasjonal fellesløysing kan data forvaltas og teknologi og hardware bytast ut i takt med den teknologiske utviklinga og sikre at dei faktiske arkivdata som er overført vert langtidsbevart.



Bilete: frå Arbeidsverksad saman med Arkivverket og tilsette v/ Bergen Byarkiv.

## Oppdragstenestene

Oppdragstenestene omfattar arkivfaglege tenester som vert finansiert gjennom oppdragsavtalar eller arbeidsordrar. Hjå oss har om lag 5 årsverk vore knytt til oppdrag frå kommunane i 2023. Hovuddelen av oppdraaga går ut på å ordne og katalogisere arkiv og ta uttrekk av arkiv og fagsystem.

Arkivverket har dei siste 4-5 åra gjeve våre kommunar over 50 pålegg om planar, uttrekk, sikring og ordning av eldre og avslutta materiale. Det er eit krav om at kommunane må lage ein framdrifts- og finansieringsplan. Arbeidet skal som regel vere sluttført innan 3 år etter at tilsynet har funne stad.

Ordning og katalogisering reduserer behovet for nye magasin. Ansvarleg forbruk og produksjon og betre nytting av ressursane er eit av FN sine berekraftmål og noko kommunane våre har forplikta seg til. Ved å ordne arkiva gjer vi dei ikkje berre meir tilgjengelege, vi reduserer òg mengda arkiv vi treng lokale til i framtida.

*Tabell 9. Nøkkeltal ordningsarbeid og ordningsgrad*

| NØKKELTAL                                     |  | 2021  | 2022  | 2023  | ENDRING |
|---|--|-------|-------|-------|---------|
| Offentlege arkiv ordna og katalogisert pr. år |  | 2326  | 920   | 979   | +59     |
| Privatarkiv ordna og katalogisert pr. år      |  | 0     | 105   | 0     | 0       |
| Bestand ordna og katalogisert pr. år          |  | 2326  | 1025  | 979   | -46     |
| Bestand (ordna og katalogisert)               |  | 8739  | 9764  | 10743 | +979    |
| Samla bestand (offentleg og privatarkiv)      |  | 11928 | 11950 | 12232 | +282    |
| Ordningsgrad i % av samla bestand             |  | 73,3  | 81,7  | 87,8  | +6,1    |

Arkiv som er skapt før 1950 er kommunane pålagt å bevare på papir. Hovuddelen av dette arbeidet vart sluttført i 2015. Dei siste åra har vi arbeidd med å ordne arkiv frå 1965 til 1990-talet og arkiva etter samanslåingskommunane. Målet har vore å få alle eigarkommunane innafor forskriftskrava, eller at arkiva som er skapt 1993 skulle vere deponert.

Mengda ordna arkiv auka i 2023 i forhold til fjoråret. Det vart òg brukt tid på å katalogisere og publisere arkiva. Sjølv om byggeprosjektet førte med seg driftsforstyrningar og vi hadde færre årsverk til ordning i 2023 enn året før, vart det ordna nær 1 kilometer arkiv. Ordningsgraden av samla bestand i magasina våre auka difor frå 81,7 til 87,8%


I løpet av dei siste åra er alle katalogane gjort digitalt tilgjengelege og søkbare på arkivportalen. Vår erfaring er at for kvar meter vi ordnar går 15-20 cm bort i arkivavgrensing, kassasjon og komprimering. Dei siste 4-5 åra med ordningsarbeid har redusert mengda som skal lagrast for ettertida med nær 2 kilometer. I eit livslaupsperspektiv betyr dette innsparingar både i kroner og i miljø sidan det då ikkje er naudsynt med store utbyggingar.



Bilete: Spesialkonsulent, Jørn Harald Grov ordnar og katalogiserer arkiv



**KEEP  
CALM  
AND  
ARCHIVE  
ON**



Raus og ryddig



**[www.ikah.no](http://www.ikah.no)**

Kalfarveien 82, 5022 Bergen

telf.: 55 30 60 90

e-post: [post@ikah.no](mailto:post@ikah.no)

[facebook.com/ikahordaland](https://facebook.com/ikahordaland)

Instagram: [@ikahordaland](https://www.instagram.com/ikahordaland)